



VOLDA KOMMUNE

Samordnings- og utviklingsstaben

høyringsinstansar
lokal høyring
jf. adreseliste

| Arkivsak nr. | Løpenr. | Arkivkode | Avd/Sakshandsamar | Dato |
|--------------|-----------|-----------|-------------------|------------|
| 2007/1570 | 5289/2007 | S11 | SAM/ PH | 25.06.2007 |

ØYGARDS- OG LAURDALSELVA KRAFTVERK OFFENTLEG ETTERSYN

Syner til brev frå Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE) datert 7.juni 2007 vedkomande søknad om løyve til utbygging av Øygardselva og Laurdalselva Kraftverk på Bjørkedalen.

Det er eit selskap skipa av dei 18 grunneigarane på Søre Bjrkedal som står ansvarleg for søknaden, Øygardselva Kraftverk as.

Kopi av søknad med vedlegg ligg ved.

Som lekk i den kommunale handsaming av saka og som grunnlag for fråsegn frå kommunen, ber eg om eventuelle innspel /synspunkt.

Høyringsfrist er av NVE sett til 25.07.2007, men ut frå omsyn til ferieavvikling og oppsett møteprogram i kommunen, tek ein sikte på kommunal fråsegn ved handsaming i kommunestyre den 30.08.07.

Melding om dette er sendt NVE med brev i dag.

Frist for innspel/merknad til denne kommunale handsaminga vert såleis sett til 10.08.2007.

Eventuelle innspel/merknader skal merkast med saksnr. 2007/1570 og sendast Volda kommune, Samordning og utviklingsstaben, Stormyra 2, 6100 Volda.

E-post : www.postmottak@volda.kommune.no

Søknaden med vedlegg er og tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Med helsing

Volda kommune, Samordnings- og utviklingsstaben

Planseksjonen

Per Heltne

planleggar

Vedlegg:

1. Brev frå NVE og søknad med vedlegg

Høyringsinstansar:

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058717
Telefaks: 70058701

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Adresseliste

| | |
|-------------------|---------|
| VOLDA KOMMUNE | |
| Saksnr. 2007/1540 | Avd SAM |
| Løpenr. | Shs. PH |
| 12 JUN 2007 | |
| Arkivdel: Emne | |
| Klassering P: S11 | |
| Klassering S: | |

Region Vest
Naustdalsvegen 1 B

Postboks 53
6801 FØRDE

Telefon: 57 83 36 50
Telefaks: 57 83 36 51
E-post: rv@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO: 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: **07 JUNI 2007**
Vår ref.: NVE 200702800-7 rv/ias
Arkiv: 312 /094
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Katarzyna Eftevand
57 83 36 74

Øygards- og Laurdalselva Kraftverk

Offentleg høyring av søknader om å bygge Øygards- og Laurdalselva kraftverk i Volda kommune – Møre og Romsdal

NVE har motteke søknad frå Øygardselva Kraft AS om løyve til å bygge Øygardselva kraftverk. Tiltakshavar ønskjer å nytte ei fallstrekke i Øygardselva. Kraftverksinntaket skal ligge på kote 135 og driftsvatnet vil verte ført til kraftstasjonen i eit 450 m langt røyr. Kraftstasjonen vert plassert på innmark på ca kote 35. Årsproduksjonen for kraftverket er utrekna til 3,32 GWh.

Det vert også søkt om å bygge Laurdalselva kraftverk. Kraftverksinntaket skal ligge på kote 345, kraftstasjonen vert plassert på kote 120. Vatnet frå inntaket vil verte ført i eit 859 m langt røyr. Laurdalselva kraftverk skal etter planen produsere 4,95 GWh årlig.

Søknadane gjeld løyve etter § 8 i vassressurslova og den vert kunngjort av NVE.

Vi ber Volda kommune om å legge to eksemplar av søknadane, så snart som mogleg, til offentleg ettersyn på kommunehuset i Volda. Søknadane skal ligge til offentleg ettersyn til og med den 20.07.2007. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt lånast ut for kortare tid (2-3 dagar) medan det andre eksemplaret ikkje må fjernast frå utleggingsstaden.

Vi viser elles til vedlagt informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknaden vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva tilbakemelding vi ønskjer.

Fråsegner kan sendast til NVE, Region Vest, Boks 53, 6801 Førde, e-post: kace@nve.no snarast råd og seinast innan 25.07.2007

Med helsing

G. Braustad

Gunnstein Brakestad
regionsjef

Ivar Sægrov
Ivar Sægrov
seniorrådgjevar



SAKSHANDSAMINGSRUTINER VED SØKNAD OM KONSESJON ETTER VASSRESSURSLOVA § 8 DER NVE KAN GI LØYVE

Generelt

NVE har heimel til å gi løyve i saker som ikkje gjelder kraftproduksjon og i saker som gjeld små kraftverk (installert effekt under 10 MW), medan løyve til større kraftutbyggingar vert gjeve av Kongen i statsråd.

Denne orienteringa rettar seg mot høyringsinstansane med det føremål å effektivisere utsendinga av søknadene. Vidare gir den ei samla oversikt over kva som det er ynskjeleg at vert lagt vekt på i fråsegnene frå dei offentlege forvaltningsorganane.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender søknaden på høyring til dei kommunane, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK) som saka vedkjem, ev. òg til statlege forvaltningsorgan som saka vedkjem. Saka vert kunngjort i ei eller fleire aviser i distriktet og kommunen legg søknaden ut på eit eller fleire offentleg kontor der den kan studerast, eventuelt lånast. Vedlagt adresseliste viser kva høyringsinstansar som mottar søknaden. Andre kan få søknaden tilsendt ved å kontakte NVE sin sakshandsamar.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE avsluttar handsaminga.

Ved ei totalvurdering av saka står NVE fritt til å vurdere om konsesjon skal tilrådest og i kva utstrekning. Søknaden og innkomne fråsegner er viktige grunnlag for denne vurderinga.

Dersom NVE gjev konsesjon, kan det knytast vilkår til dette, jf. vl § 26. Vilkåra kan omfatte

reglar om byggjefristar, reguleringshøgder, vasslepping, godkjenning av planar m.o.t. miljø og tryggleik, tersklar, erosjon, naturforvaltning, forureining, fornminne og sanksjonsbestemmelsar ved eventuelle brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Dersom det er søkt om løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk og/eller for høgspent overføringsanlegg, vil NVE gi naudsynte konsesjonar samstundes med at vassressurslovsaka er endeleg avgjort.

Kva vert forventet av høyringsinstansane ?

Føremålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane. Det er ynskeleg med grunngitte synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensingar i planane. NVE ynskjer òg grunngitte forslag til avbøtende tiltak som kan redusere skadene ved gjennomføring av planane.

NVE ventar at kommunen spesielt omtalar tilhøve knytt til kommuneplanen. I tillegg bør kommunen gi ei oversiktleg framstilling av tilhøvet mellom den framlagde planen og dei lokale interessene. Dersom søknaden òg gjeld løyve til elektriske anlegg, ber vi kommunen uttale seg om dette òg. Kommunen skal sende kopi av si fråsegn til FM i god tid før fristen går ut.

FM bør i si fråsegn legge særleg vekt på tilhøva omkring forureining, landbruk og miljø (herunder fisk) FK bør tilsvarende leggje vekt på kulturminne.

Fråsegner skal sendast til NVE.

I tillegg til vanleg brev ynskjer vi òg at fråsegnene vert sendt elektronisk, helst som e-post (nve@nve.no).